



# Sirdal kommune

## Skuleeininga

# PLAN FOR ELEVANE SITT SKULEMILJØ

Grunnkulane i Sirdal kommune



*Planen er administrativt vedteken etter høyring*

*Planen gjeld frå 01.06.18*

*Revidert august 2021*

Innhald	Side
1. Føremål	3
2. Definisjonar på krenkjande åtferd og handlingar	4
3. Førebyggande og haldningsskapande arbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>3.1 Opplæringslova og Sirdal kommune sine strategiar</li> <li>3.2 Program og system som skulane bruker i arbeidet med førebygging</li> </ul>	5 6
4. Aktivitetsplikt <ul style="list-style-type: none"> <li>4.1 Aktivitetsplikta sine fem handlingsplikter               <ul style="list-style-type: none"> <li>4.1.1 Plikt til å følgje med</li> <li>4.1.2 Gripe inn</li> <li>4.1.3 Varsle</li> <li>4.1.4 Undersøkja</li> <li>4.1.5 Setja inn tiltak</li> </ul> </li> <li>4.2 Rutine/oppfølging i Sirdalsskulen ved mistanke og kjennskap til krenkjande åtferd</li> </ul>	8 9 9 9 10 10 10 10
5. Kontinuerleg og systematisk arbeid	12

*Planen byggjer på Lyngdal kommune sin "Plan for elevenes skolemiljø"*

# 1. Føremål

---

Opplæringslova kapittel 9A handlar om elevane sitt skudemiljø, det vil seia i skuletida, i skulefritidsordninga og i leksehjelpa, jf. §9A-1

§§ 9A-2: "Alle elevar har rett til et godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring"

§§ 9A-3: "Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering, og trakkassering."

Dette inkluderer digital/skjult mobbing som òg skjer utanom skuletida, og som kan få verknad på skulekvardagen.

Det er den enkelte elev si subjektive oppleving av å bli krenka som er utgangspunktet for skulen si handtering av opplæringslova § 9A.

## **Sirdal kommune legg vekt på:**

- at skulen, elevane og føresette samarbeider om det førebyggande og haldningsskapande arbeidet
- at tydeleg leiing er ein føresetnad for å førebygga, avdekka og handtera krenkande ord og handlingar. Dette inkluderer digital/skjult mobbing
- at me arbeider kontinuerleg, langvarig og systematisk med elevane sitt skudemiljø
- at alle tilsette ved skulen har ei aktivitetsplikt til å følgja med, gripa inn og varsle Skulen har plikt til å undersøkja saka og eventuelt setja inn tiltak dersom dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt i skudemiljøet
- at våre lokale tiltak og vår evne til kommunikasjon og samarbeid er avgjerande for at arbeidet skal lukkast.

## **For å oppnå måla byggjer denne planen på følgjande prinsipp:**

### **A. Førebygging og haldningsskapande arbeid**

Tiltak som reduserer risikoen for at elevar blir utsette for krenkande ord og handlingar, digital og skjult mobbing.

### **B. Kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid**

Skulane sitt systematiske arbeid i forhold til å sikra elevane eit trygt og godt skudemiljø.

### **C. Avdekking**

Metodar og rutinar skulane brukar for å avdekka at elevar blir utsette for krenkande ord og handlingar, digital og skjult mobbing.

### **D. Aktivitetsplikt**

Tiltak og rutinar for problemløysing. Når det gjeld sanksjonar skulane brukar overfor elevar som utøver krenkande ord og handlingar, og digital og skjult mobbing, viser ein til ordensreglementet.

## 2. Definisjonar på krenkjande åtferd og handlingar

---

### Krenkjande åtferd:

Krenkjande åtferd er eit felles omgrep for alle former for åtferd som uoverlagt eller tilsikta rammar andre menneske fysisk eller psykisk. Krenkjande åtferd er handling som skjer ei eller fleire gonger. Krenkjande åtferd er handling som blir utført utan respekt for andre sin integritet.

Mykje av den krenkjande åtferda kan vera skjult, og det er viktig at dei vaksne er tett på elevane og observerer i timer og friminutt kva slags kommunikasjon og samspele elevane har seg imellom. Døme på krenkjande åtferd kan vera baksnakking, utestenging, ryktespreiing, at ikkje eleven blir rekna med, spark, slag, kvelartak, dytting, overgrep og stygge kommentarar som at "ingen likar deg", "me skal ta deg" og "du er feit og ekkel".

- **Mobbing** av barn er "*handlingar fra vaksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning*" (Lund, Helgeland og Kovac, 2017).

Mobbinga er open eller skjult. Skjult mobbing har eit uttrykk som ofte verkar uDRAMATISK og ufarleg for utanforståande, men som kan få store konsekvensar for den som blir utsett for dette.

### Kjenneteikn på mobbing:

1. En aggressiv handling rettet mot et offer, av en eller flere sammen
2. Et ujevnt styrkeforhold mellom den eller de som mobber og den som blir mobbet
3. At det foregår over tid

(<https://www.uis.no/nb/hva-er-mobbing>)

- **Utestenging** betyr at nokon blir haldne utanfor ei gruppe eller ei klasse.
- **Vald** inneber at nokon brukar fysisk og/eller psykisk makt for å skada andre.
- **Rasisme** inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, til dømes fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk.
- **Diskriminering** betyr at ein person blir därlegare behandla eller trakassert, til dømes på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav.
- **Digital krenking** betyr at nokon brukar internett, mobil eller e-post for å senda og spreia vondsinna meldingar, videoar eller bilete av ein person/situasjon.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet/regelverk

### 3. Førebyggande og haldningsskapande arbeid

---

#### 3.1 Opplæringslova og Sirdal kommune sine strategiar

##### Opplæringslova § 9A-3:

"Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapittelet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort."

Grunnskulane i Sirdal arbeider for:

❖ **Å sikra eit velordna og trygt læringsmiljø**

Arbeidet med å skapa eit trygt læringsmiljø er grunnleggjande for å utvikla elevane sine haldningar, kjensler og evne til å tileigna seg og bruka kunnskap. Dette gjer ein ved at alle vaksne møter elevane med omsorg og respekt.

❖ **Å oppleva å høyra til**

Grunnleggjande for alle er å oppleva å høyra til i klassen eller gruppa.

❖ **Ei tydeleg og involvert skuleleiing:**

Teikn på god praksis i eit leiarperspektiv:

1. Leiinga og personalet på skulen har ei felles forståing av kva som kjenneteiknar eit godt læringsmiljø, og dei har same oppfatning av kor viktig dette arbeidet er
2. Skulen har retningsliner for korleis dei arbeider for eit godt og inkluderande læringsmiljø. Retningslinene er skriftlege, kjende og likt praktiserte.
3. Skulen brukar systematisk erfaringsutveksling og refleksjon i arbeidet med eit inkluderande læringsmiljø.
4. Skulen informerer alle tilsette, foreldre og elevar om "Plan for elevane sitt skulemiljø"

❖ **Læraren si leiarrolle i klasserommet**

Teikn på god praksis i eit lærarperspektiv:

1. Dei vaksne er tydelege vaksne med vilje til å skapa og følgja opp tiltak for eit inkluderande læringsmiljø for elevane.
2. Lærarane arbeider aktivt for eit læringsmiljø som fremjar tryggleik, trivsel og læring for alle elevar.
3. Lærarane følgjer skulen sine felles rutinar for å handtera utfordringar knytta til elev(ar) og som sikrar barn sitt beste.
4. Lærarane kjenner til elevane sin rett til eit trygt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring

Gode klasseleiara er viktige for å fremja livsmeistring og folkehelse, og som gir gode utviklingsmoglegheiter for elevane.

God klasseleiing er kjenneteikna av høg kompetanse, sterkt nærvære og involvering i elevane sitt læringsmiljø.

### ❖ **Elevmedverknad**

Teikn på god praksis i eit elevperspektiv:

1. Elevane opplever tryggleik, trivsel og læring i klasserommet og i friminutta.
2. Elevane opplever ein trygg og god klasseleiar, der dei er respekterte og inkluderte.
3. Elevar blir vurderte og får tilbakemeldingar på læringsutvikling.
4. Elevane kan fremja forslag til korleis læringsmiljøet kan forbetraast og opplever at dei blir høyrde.
5. Elevane medverkar og tar ansvar i læringsfellesskapet saman med læraren og medelevane sine.
6. Skulen sikrar elevmedverknad gjennom elevsamtaile, klassemøte og elevråd, skulemiljøutval (SMU) og samarbeidsutval (SU), jf. §9A-8.
7. Skulen har sosiallærar på barne- og ungdomstrinnet.

### ❖ **Foreldremedverknad**

Elevane sin bakgrunn og korleis føresette støttar opp om skulen, har effekt på elevane sitt læringsmiljø. Skulen skal byggja bru mellom skule og heim. Foreldra si oppleving påverkar elevane si oppleving av eit trygt og godt læringsmiljø.

Alle tilsette har ei sentral rolle i å danna sterke relasjonar i skule-heim-samarbeidet og i å involvera foreldre i eleven si utvikling.

Føresette varslar skulen om hendingar og bidreg til å skapa eit godt skulemiljø, og bidreg til å løysa utfordringar med skulemiljøet.

Skulen sikrar foreldremedverknad gjennom rådsorgana som foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU), skulemiljøutval (SMU) og samarbeidsutval (SU), jf. §9A-9

## **3.2 "Program" og system skulane brukar i arbeidet med førebygging**

- 1.-4.trinn
  - "Zippys venner" - eit skuleprogram for 1.-4.trinn som gir auka meistring og betre læringsmiljø
    - Meistra dagleglivet sine problem, identifisera og snakka om kjensler og støtta andre som har det vanskeleg
    - Tiltak for å jobba systematisk med å fremja god psykisk helse og eit godt psykososialt miljø på barneskulen
    - Helsesøster i kommunen er aktiv deltarar
- 5.-6.trinn
  - "Passport" - vidareføring av "Zippys venner"
- 7./8. trinn
  - "Kjærighet og grenser" - eit universelt førebyggingsprogram, retta mot familiar med ungdom på 7. eller 8.trinn
    - For å styrka beskyttande faktorar når det gjeld psykiske helseplager og rettleia foreldra i førekant av ungdomstida.
    - Betra samarbeidet mellom heim og skule, byggja gode foreldrenettverk og auka ungdommane sin sosiale kompetanse
- 8.-10.trinn
  - "MOT"
    - MOT er ein ungdoms- og samfunnsbygger, som styrker ungdom si bevisstheit og mot – til å leve, til å bry seg og til å si nei

Den einskilde skule har òg andre tiltak som bidreg til å forma trygge og gode læringsmiljø. Desse tiltaka står skulane fritt til å endra i høve til denne planen. Døme på tiltak, men ikkje ei uttømmande liste:

- arbeid med klasseregler
- tydeleggjering av foreldra si rolle og viktige bidrag til læringsmiljøet
- haustsamling
- dei vaksne helsar på barna kvar morgen
- samlingar styrt av dei føresette
- overnattingsturar
- sosial læreplan
- BliMe
- klassetrivsel.no
- synlege vakter i friminutta osb.

## 4. Aktivitetsplikt

---

### Opplæringslova § 9A-4

#### "Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø"

Alle som arbeider på skulen, skal følgja med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripa inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skulen snarast undersøkja saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vera eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal laga ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a. kva problem tiltaka skal løysa
- b. kva tiltak skulen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e. når tiltaka skal bli evaluert

Skulen skal dokumentera kva som blir gjort for å oppfylla aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er ein arbeidsmetode/modell, som skal bidra til tidleg innsats, foreldreinvolvering og koordinert samarbeid på tvers av tenester.

Les meir om BTI og Stafettlogg her:

<https://www.sirdal.kommune.no/bti-bedre-tverrfaglig-innsats.455484.no.html>

Skulen si plikt til å handla i mobbesaker er skjerpa og konkretisert gjennom ei aktivitetsplikt. Kravet i tidlegare kap. 9a om enkeltvedtak er ikkje vidareført i nytt kap. 9A.

#### **4.1 Aktivitetsplikta består av fem handlingsplikter**

1. Følgja med --> Bry seg
2. Gripa inn --> Reagera med undring
3. Varsla --> Involvera, setja i system
4. Undersøkja --> Leita etter oppretthaldande faktorar i organisasjonen
5. Tiltak --> Justera praksis

##### **4.1.1 Plikt til å følgja med - bry seg**

Alle som arbeider ved skulen skal vera årvakne og aktivt observera korleis elevane agerer kvar for seg og seg imellom. Det er låg terskel for å bry seg om kva elevane held på med. Avdekking av krenkjande åferd kan også skje ved at dei som arbeider i skulen, elevar, og/eller føresette, melder frå om at nokon opplever krenkjande ord og/eller handlingar eller blir utsett for digital/skjult mobbing.

##### **Sirdalsskulen har følgjande rutinar for avdekking:**

Tiltak	Ansvar
Dagleg kontakt med elevane	Alle tilsette/rektor
Utviklingssamtale/elevsamttale to (2) gonger pr. år	Kontaktlærar/rektor
Klassegjennomgang to (2) gonger pr. år	Rektor/sosiallærar/kontaktlærar
Årleg elevundersøking frå Udir, 7. +10. trinn. (minimumsbestemming*)	Rektor/assisterande rektor/inspektør
Foreldreundersøking frå Udir, kvart tredje år 1.-10. trinn.	FAU/rektor
Årleg lokal trivselsundersøking 1.-10. trinn og/eller klassetrivsel.no (minimumsbestemming*)	Rektor/kontaktlærar
Jamleg tema i personalet, i klassemöte, foreldremöte, elevråd, FAU og SMU.	Rektor/alle tilsette
Meldeknapp om skulemiljø på heimeside	Rektor
Aktiv bruk av meldingsskjema til rektor for observasjon av krenkjande åferd	Rektor/alle tilsette

\*) Skulen kan inkludera fleire klasser i elevundersøkinga, og kan gjennomføra lokal trivselsundersøking meir enn ein gong pr. år om dei ønskjer.

"Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering eller trakkassering, skal vedkomande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av

den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter §9A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks" (§9A-5).

#### **4.1.2 Gripa inn - reagera med undring**

Alle som arbeider i skulen skal, så langt det er mogleg, gripa inn i pågåande situasjonar som dei oppfattar som krenkande. Ein skal ikkje setja seg sjølv eller andre i fare.

#### **4.1.3 Varsla - involvera, setja i system**

Rektor skal varslast om ein kvar mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette gjer ein ved å bruka "raud knapp" på heimesida, eller seier ifrå på anna vis. Terskelen er låg for å varsle. Elevane kan ha ulike uttrykksformer for å visa frustrasjon, utryggleik og vantrivsel, og alle som arbeider ved skulen skal vera observante på dette. Ei varsling ved meldingsskjema, eller at nokon på anna vis seier ifrå om at ein elev ikkje har det trygt og godt, utløyser skulen si plikt til å undersøkja.

#### **4.1.4 Undersøkja - leita etter dei oppretthaldande faktorane i organisasjonen**

Formål med undersøkinga er:

- å få fram fakta i situasjonen
- bakgrunn for eleven si oppleveling
- kva for forhold i eleven sine omgjevnader som verkar inn på korleis han/ho opplever skulemiljøet

Forhold bakover i tid, utanfor skuletid og skuleområde kan òg koma inn i undersøkinga.

Ansvaret ligg på rektor, men oppgåvane kan delegerast til andre som arbeider ved skulen.

Når undersøkinga er gjort, skal kontaktlærar i samarbeid med leiinga vurdera om det bør opprettast sak i "Sikker sak" for å følgja opp vidare plikt etter opplæringslova. Dette gjeld plan med tiltak, ansvar og evaluering.

#### **4.1.5 Setja inn tiltak - justera praksis**

Premiss for tiltak er barnet sitt beste og barnet sin rett til å bli høyrt. Plikt til tiltak kan òg gjelda sjølv om barnet uttrykker å ha det greitt, dersom ein handlar ut frå barnet sitt beste. Tiltaka som blir sett inn skal vera eigna, bli følgde opp og evaluerte. Det kan bli aktuelt å kopla inn andre instansar som kan bidra, t.d. skulehelsetenesta, PPT m.fl.

## 4.2 Rutine/oppfølging i Sirdalsskulen ved mistanke og kjennskap til krenkjande åtferd

	Oppgåve	Ansvar	Dokumentasjon (i elevmappe)
1.	Den som observerer grip inn om det er ein pågående situasjon, og handterer han hensiktsmessig.	Den som observerer	Melding til rektor ved uønskt åtferd
2.	Den som observerer varslar rektor.	Den som observerer	Melding til rektor ved uønskt åtferd
3.	Undersøking og observasjon startar med ein gong. Opprett aktivitetsplan i <i>Sikker sak</i> .	Rektor/ kontaktlærar	Melding til rektor ved uønskt åtferd
4.	Samtalar med eleven som opplever seg utrygg og/eller krenka, for å få informasjon og gje støtte. Skulen skal sikra at eleven si eiga subjektive oppleving kjem fram. Involvering i samband med utarbeiding av aktivitetsplan. Vurdera tiltak på klassenivå.	Rektor/ kontaktlærar	Referat*
5.	Samtale med eleven(e) som ev. krenkjer. Er det fleire som plagar, snakkar me med ein om gongen. Føremålet med samtalet er å gje beskjed om at slik åtferd er uakseptabel og må stoppa med ein gong. Ein må gjera avtalar om oppfølging. Involvering i samband med utarbeiding av aktivitetsplan.	Rektor/ kontaktlærar	Referat*
6.	Samtalar med føresette til eleven som opplever seg utrygg og/eller krenka. Skulen har ansvar for å leggja til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak som kan/bør gjerast. Involvering i samband med utarbeiding av aktivitetsplan.	Rektor/ kontaktlærar	Referat*
7.	Samtale med føresette til krenkjar(ar). Skulen har ansvar for å leggja til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak som kan/bør gjerast. Involvering i samband med utarbeiding av aktivitetsplan.	Rektor/ kontaktlærar	Referat*
8.	Rektor si vurdering etter at alle aktuelle partar er høyrd.	Rektor	Sikker sak
9.	Tiltak blir sette i verk og prosess blir dokumentert gjennom <i>Sikker sak</i> .	Rektor	Sikker sak
10.	Evaluering av tiltak i <i>Sikker sak</i>	Rektor	Sikker sak
11.	Sanksjonar må vera i tråd med ordensreglementet. Skulane må dokumentera bruk av sanksjonar. Skulen må vurdera om det skal fattast eigne enkeltvedtak dersom sanksjonen er inngripande	Rektor	Sikker sak
12.	Problemsituasjonane blir følgde inntil involverte elevar føler det trygt og godt i skulemiljøet. Alle involverte elevar skal bli følgde opp. Aktivitetsplan blir avslutta når mål om trygt og godt skulemiljø er nådd.	Rektor	Sikker sak
13.	Dersom krenkjande åtferd ikkje opphøyrer, skal andre eksterne partar inn i saka, til dømes PPT, skulehelseteneste, oppvekstombod, barnevern, politi eller konfliktråd (alt etter karakteren i saka) Følg handlingsrettleiar i BTI-modellen	Rektor	Sikker sak

14.	Dersom det er vaksne ved skulen som utset elevar for krenkjande ord eller handlingar, pliktar observatør å melda til rektor som vidare melder til skuleeigar. Er det nokon i leiinga som plagar, skal ein kontakta skuleeigar direkte. Undersøking startar med ein gong.	Rektor ev. einingsleiar	Referat*
-----	--	----------------------------	----------

\*)Ansvar for å skriva referat ligg til den som gjennomfører samtale/møte, samt at referat og anna dokumentasjon blir lagt i *Sikker sak*.

I Sirdalsskulen skal alle elevar og føresette oppleva å bli tatt på alvor dersom dei kjem til skulen med uro om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. Skulen tar ansvar og initiativ for å stoppa slik åtferd. Elevar som har opplevd å bli utsett for eller sjølv har utsett andre for krenkjande ord eller handlingar, skal vita at dei blir følgde opp av skulen etter at den krenkjande åtferda er avslutta. Rektor har det overordna ansvaret for at skulen følgjer opp saker som gjeld det psykososiale miljøet.

## 5.0 Kontinuerleg og systematisk arbeid

---

**Opplæringslova § 9A-3** *Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.*

Skulane skal ha nulltoleranse mot mobbing og skal arbeida gjennom skuleåret med å utvikla eit godt skulemiljø. Arbeidet skal vera gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vera innarbeidde og bli følgde opp av dei involverte når dei arbeider med saker som gjeld skulemiljøet til elevane. I Sirdal er det utarbeidd ein plan for elevane sitt skulemiljø som gjeld for heile grunnskulen i kommunen; "Plan for elevane sitt skulemiljø".

Skuleleiinga har ansvaret for den daglege oppfølginga av "Plan for elevane sitt skulemiljø". Denne planen skal bidra til at elevane i Sirdal kommune opplever eit trygt og godt skulemiljø. For å sikra at dette blir eit "levande" plandokument, må planen vera kjend for alle aktørar i skulemiljøet. Nye tilsette skal få planen.

Planen blir revidert i skuleleiarmøte kvart tredje år. Som førebuing til dette møtet, blir planen tatt opp til gjennomgang i skulemiljøutvala (SMU).